

Protokoll frå formannskapsmøte 04.12.2018:

Sak 75/18 – Økonomiplan og budsjett 2019 - 2022

Behandling i formannskapet 04.12.2018:

Nytt punkt 8:

Forslag frå Skjåk Senterparti (Edel Kveen)

Områder som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt.

Skule: budsjettet må dekke pedagognormen, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 9:

Forslag frå formannskapet:

Kantine: Administrasjonen ser på ei anna form for kantinedrift som alternativ til dagens ordning og innanfor sektoren si budsjetttramme.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 10:

Forslag frå Skjåk Arbeidarparti (Eva Therese Hyrve Bosmen):

Rådmannen førebur sak til administrasjonsutvalet om betalt matpause.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 11:

Forslag frå Skjåk Arbeidarparti (Eva Therese Hyrve Bosmen):

Rådmannen skal utarbeide plan for å oppnå netto driftsresultat korrigert for premieavvik på minst 1% av brutto driftsinntekter for 2019.

Kommunestyret skal ha planen til godkjenning innan 28.02.2019.

Planen skal omfatte finansiering av nærings- og landbruksavdelinga (utanom nærings- og landbrukssjef) av ordinære driftsmidlar – ikkje bruk av næringsfond – frå 01.01.2019.

Forslaget vart nedstemt med 2 mot 3 røyster.

Formannskapet sitt framlegg for kommunestyret:

Punkt 1 - 7: Samrøystes som innstillinga frå rådmannen.

Punkt 8: Område som har vesentleg auke på post kurs/opplæring må vurderast på nytt. Skule: budsjettet må dekke pedagognorma, midlar til § 1-4 i Opplæringslova og aktiv læring skal inn i budsjettet. Det bør ikkje seiast opp faste pedagogstillingar. Hovudutval HOO skal inn i budsjettet.

Punkt 9: Kantine: Administrasjonen ser på ei anna form for kantinedrift som alternativ til dagens ordning og innanfor sektoren si budsjettramme.

Punkt 10: Rådmannen førebur sak til administrasjonsutvalet om betalt matpause.